LÅVENDE SAKER 19

Eva Weel Skram / Jonas Fjeld & Kvarts / Totland & Styve / Moldestad / Klevstrand, Moen, Sponberg og Haugerud / Nygaard-jubileum / Vårdal, Odde & Gjevre / Hillbabies og Byting / Baksia / Sveen & Thorud / Ingvard Wilhelmsen / Belfast Lads / Brimi, Midtli & Sinfonietta Innlandet / Sandum Trio og mykje meir!

Mat, musikk, stemning og selskap til å bli begeistra av – midt i makelause Gudbransdalen

RUDI

Rudi Gard
– 20 år med kulturopplevingar!

«Tenk – å få oppleva någgå slik» - Det sa ein eldre nabo når han tok oss i handa og takka for den aller første kvelden vi opna for kulturopplevingar på Rudi i 1999.

Etter 20 år, fleire hundre arrangement, og fleire tusen blide fjes i tunet på Rudi kan vi som vertskap seie det same. Tenk å få oppleva at det du steller i stand blir sett pris på. Det er stort. Målet sidan har vore å skape ei oppleving – frå du parkerer bilen og kjem ruslande inn på tunet. Eit levande miljø og ein møteplass med god underhaldning, mat og drikke, prat, latter og glede. På scena vekslar vi mellom gode lokale artistar og veletablerte folk i toppsjiktet på landsplan. Og etter konsert er det alltid høve til å smake vårt eige gardsøl i låvepøbben i lag med gode venner.

Vi håper du finn dine favorittar i jubileumsåret og ønskjer velkome til gards!

Helsing Nina og Øystein Rudi, vertskap

Rudi på 1950-talet

Våningshus, stabbur og tryskarlåve er lette å kjenne att. Rudilåven er bygd over det gamle fjøset, og fleire andre bygningar er også kome til seinare.

” Rudilåven er rigga slik at lyden skal være god og tydeleg i heile lokalet. Både artistar og publikum skal ha ei god lydoppleving av konsertar og forestillinger. God lytting!

Vegard Moshagen – lydsjef på Rudi Gard

Program 2019, dag for dag

Søn 19. mai	Tett på Gjevre, Odde & Vårdal
Laur 1. juni	Vårfest med Hillbabies og Byting
Fre 7. juni	Konsert med Jonas Fjeld & KVARTS
Tors 25. juli	Konsert med Eva Weel Skram
Tors 1.–søn 11. aug	Ope gard, kunstutstilling og kafe
Laur 3. aug	Dølarock – Baksia med venner
Tys 6. aug	Peer Gynt-jubileumsmiddag
Tors 8. aug	Show med Heine Totland & Gisle Børge Styve
Tors 15. aug	Konsert med Sigrid Moldestad med band
Tors 22. aug	Seniordag med rummegraut, tullprat, sang og musikk
Søn 1. sept	Konsert med Brimi, Midtli og Sinfonietta Innlandet
Laur 7. sept	«Nygaard i 100», jubileumskonsert og dans
Tors 12. sept	Konsert Bellman og Mozart
Laur 14. sept	«Sheep o Høy» med Belfast Lads
Ons 9. okt	Tett på Sandum Trio
Tors 17. okt	«Livet er et usikkert prosjekt», foredrag ved Ingvard Wilhelmsen

Eit godt måltid før forestilling

Ved alle større arrangement byr vi på eit godt måltid før kveldens opplevingar frå scena. Fjos, tryskarlåve og gamlelåven er oftast brukt som særprega middagslokaler.
Vi kjøper knallgode råvarer frå lokale produsentar – mellom anna Annis Pølsemakeri og Gudbrandsdalsmat som samarordnar eit 30-tals produsentar i heile Gudbrandsdalen. Fjellbygdklimaet gjev råvarer som står lenge nok på rot til at dei får både nok sol og godt stell. Når slike råvarer får god behandling kan vi by deg eit kortreist kvalitetsmåltid. Menyen er tilpassa årstida og råvaretilgangen, og det er alltid hovudrett og dessert med kaffe attåt.

Tranchermeny på Rudi-vis — *kr 490,-*

- *Heilgrilla entrecote og saftige filetar krydra med eigne marinader og tranchert slik du ønskjer ved servering. Med bakte poteter, soppstuing, laukkompott, grilla grønsaker og himmelsk saus.*

Heilgrilla entrecôte av storfe — *kr 470,-*

- *Norsk storfe er kjøtt av topp kvalitet. Med saltbakt tomat og Tromsnespoteter, sommarens grønsaker og langtidskokt raudvinssaus.*

Kulturgris alá Rudi — *kr 430,-*

- *Her får du den beste svinefileten som finst innrulla i spekeskinke. Med tomatisert bernaisessaus, ovnsbakte poteter og sesongens grønsaker.*

Kveldssupe med heimebakt brød — *kr 190,-*

- *Eit perfekt kveldsmåltid med ei kraftig og smaksrik suppe med Annis spesialpølser, creme fraiche og heimebakt brød til.*

Godt frå Rudigrillen

- *Spesialtilpassa meny som kan innehalde grillpølser, spesialpølser frå Annis pølsemakeri, elgburgere i pita og marinerte grillstykker og godt tilbehør. Blir seld rett frå grillen på festkveldar*

Kaffe og dessert av det beste årstida byr på er inkludert til middagsrettane. Tilbehør til dei ulike menyane kan variere noko med årstida og tilgang på det beste av råvarer.

Reservasjon av bord: oystein@rudigard.no / 913 85 388
eller ved å kjøpe tilvalg til billett på Ticketmaster.no

Eit måltid på Rudi skal væra raust og smakfullt. Bygd på tradisjon, nyskaping og ferske norske kvalitetsråvarer frå dyktige produsentar omkring oss.

Wenche Kvebu, kjøkensjef

Søndag 19. mai

Kl 20.30. Ope gard frå kl 19.00

Tett på

Gjevre, Odde & Vårdal

Ein god gjeng av Gudbrandsdalens fremste spelemenn innleier årets sesong på Rudi. Inge Gjevre er ein meister på torader, medlem i gruppa Jutullaget og allsidig spelmann og komponist. Mads Erik Odde er trekkspelar med utdanning både frå speling på lokalet og frå musikkhøgskolen. Vegard Vårdal er aktiv som konserterande felespelar, i undervisning og formidling av musikk og dans.

«Musikken formar vi i felleskap og arrangementa blir gjort samtidig som vi lærer og spelar slåttane. Nokre arrangement har vi notert ned, men dei fleste er basert på improvisasjon og fridom. Dette gjer at musikken blir leikande og energisk.»

Bill 250,- / 100,- under 18 år
www.ticketmaster.no

Foto: Jan Alsaker

Meny GARDSKAFÉ OG LÅVEPØBB

Laurdag 1. juni

Kl 21.00. Ope gard frå kl 19.00

Vårfest

Hillbabies og BYTING

Vår blir til sommar, og det er tid for ein god fest. Du kan starte kvelden med å reservere bord for eit godt måltid frå Rudikjøkenet, og grillen er varm utover kvelden slik den alltid er på sommarlege festkveldar.

Telemarksbandet **BYTING** har opparbeidd seg ei stor fanskare og dei samler horder med festglade folk til sine konsertar landet rundt. Dei byr på vaskeekte og sjølvlaga låtar, eigne tekster – rett og slett folkrock til å bli glad og yr av!

Hillbabies er ein eminent gjeng musikarar frå Gudbrandsdalen som i årevis har hatt godfølelse langt inn i ryggmargen av å høre orginalen – Hellbillies! Med stor respekt for orginalen er det sett saman eit sett med favorittlåtar henta frå den enorme katalogen – frå Sylvspente boots i 1992 til Søvnlaus i 2016. Simen Bjørkli Stubbrud - gitar/mandolin/vokal, Syver Fossen - gitar/mandolin, Steinar Flatemo – piano/orgel/trekkspill/vokal, Svein Ivar Sæther – trommer, Tormod Myrvang – vokal/bassgitar

Bill kr 330,- Aldersgrense 18 år
www.ticketmaster.no

Meny KULTURGRIS ALÁ RUDI

Fredag 7. juni

Kl 20.30. Ope gard frå kl 18.00

Jonas Fjeld og Kvarts

Jonas Fjeld, folkekjær rockepoet frå Konnerud i Drammen. Etter musikalsk ungdomstid på brune kneiper og støvete danselokal har Fjeld sunge og skrive låter som sitt dønn fast i den norske folkesjela. Ved sidan av «Engler i sneen», «Hun kom» og andre hits har Fjeld snusa på tradisjonsmusikk av ulike slag. Legendarisk er samarbeidet med Rick Danko og Eric Anderson, og likeeins med bluegrassgruppa Chatham County Line.

Kvarts feira 20 år i 2018, mellom anna med to konsertar der vi tok opp att det særdeles trivelege samarbeidet med Jonas Fjeld. Eit samarbeid som starta i 2006, der anglo-amerikanske tonegangar blandar seg med musikk vi likar å tru er urnorsk. Vel møtt til ein konsert med laus snipp og store øyro både på spelemenn og forhåpentleg også publikum!

Jonas Fjeld – vokal og gitar, Ben Basgaard – vokal og gitar, Jo Asgeir Lie – trekkspel, Øystein Rudi – fele og hardingfele, Tom Willy Rustad – bass, munnharpe, seljefløyte, Erlend Styve – vokal, gitar og dobro og Tor Magne Hallibakken kjører lyden.

Billett kr 450,-
www.ticketmaster.no

Meny HEILGRILLA ENTRECÔTE

Torsdag 25. juli

Kl 20.30. Ope gard frå kl 18.00

Eva Weel Skram duo

Eva har treft ei nerve hos det norske folk, og har etablert seg som ein av landets aller mest folkekjære artistar. Til strålande mottaking slapp ho sitt første norspråklege album «Finne Heim». Ho tok til å syngje på morsmålet etter at ho var med i «Hver gang vi møtes», og etter det har det gått slag i slag for Sogndalsjenta. Publikum kan gle seg over nye favorittar som «Om du vil» og «Hold meg», i tillegg til stev og vakre tolkningar av storheiter som Ole Paus og Henning Kvitnes. Konsertane er smakfullt innpakka i vakre og harmonisk lydbilde frå musikalsk samarbeidspartner, ektemann og gitarist Thomas Stenersen. Saman har dei spelt utselde konsertar på store scener som Operaen og Sentrum Scene i Oslo, Grieghallen i Bergen og Olavshallen i Trondheim. Kombinert med festivaljobbar over heile landet har dette skapt eit trufast og stort publikum, som vender attende gong etter gong.

Det er berre å glede seg til ein stemningsfull konsert!

Bill kr 450,-
www.ticketmaster.no

Meny HEILGRILLA ENTRECÔTE

Torsdag 1. august til søndag 11. august

Kl 12.00–16.00

Ope gard

Utstilling, gardskafé og vandringar i landskapet

Dette er trivlege dagar der mange kjem for kaffe i låvepøbben, for å sjå bilde eller for å sitja på tunet og gjera absolutt ingen ting! Det er også fint å ta ein fottur langs gardsvegar og stigar i det rike kulturlandskapet i grenda.

Vi stiller ut kunst av ei rekkje flotte kunsnarar frå

Meny GARDSKAFÉ

Gudbransdalen, mellom anna **Anne Kristine Thorsby**, **Ståle Blesterdalen**, **Vegard Stalsberg**, **Per Rosenberg**, **Tori Virik** og **Jorunn Krag Dahle** med fleire.

”Flott beliggenhet, trivelige folk i arbeid, nydelig mat, gedigen låve på alle vis, og super konsert = oppskrift på trivsel og vellykka kveld!

Hege Ravdal

Laurdag 3. august

Kl 21.00. Ope gard frå kl 19.00

Dølalåt og Dølarock!

BAKSIA med venner

Dølarocken kom for fullt på 1970-talet og Trond Halle og Hans Løkken starta «Popgruppa Asbjørn» i 1977. I 1979 kom LP-plata «Dølalåt» på plateselskapet Artic Records i Trondheim – eitt av dei store plateselskapa her i landet da. Fleire av låtane frå plata er på repertoaret til Baksia nå, slik som «Folkets hus på Harpefoss», «Shanghai o hoy», «Ut på ski» og fleire andre.

BAKSIA starter festkvelden med å spela heile «Dølalåt» frå A til Å, med gjester frå originalinnspelinga i '77. Konserten blir krydra med saftige historier frå dølarockens historie – direkte frå dei som har vore med på dette eventyret. Etter konserten ryddar vi golvet for tradisjonell Baksi-fest med stuvande fullt tun og feststemte gjester frå 18 til 70 år slik det har vore kvart år sida 2001.

Billett kr 350,–. Aldersgrense 18 år etter konserten



Meny HEILGRILLA ENTRECÔTE

Tysdag 6. august

Kl 17.00

Peer Gynt – 30-års jubileumsmiddag

med Per Tofte, Mari Maurstad, Aage Kvalbein, Håkon Sveen, Reidar Stangenes og Ellen Horn

Peer Gynt ved Gålåvatnet feirar 30 år, og Per Tofte spelte hovudrolla dei første åra av eventyret. I samtale med Ellen Horn tek han fram gode og muntre minner frå si tid med Peer ved Gålåvatnet. Det same gjer Mari Maurstad i lag med Aage Kvalbein, og Håkon Sveen og Reidar Stangenes.

Menyen er inspirert av bukkerittet, og råvarene er henta frå Peer Gynt sitt rike; Reinsdyrfilet med blåbærsaus, ovnsbakte mandelpoteter frå Tromsnes i Fåvang, godt tilbehør, og dessert med jordbær frå Kaurstad-bonden i Ringebu!

Ellen Horn avslutter middagen med ein introduksjon til årets Peer Gynt-konsert i Sør-Fron kyrkje: «Solveig» - ei konsertforestilling med Heidi Ruud Ellingsen. Forestillinga tek for seg Solveig si reise i Peer Gynt.

Solveig blir omtala som verdas minste hovudrolle, og med dette stykket ønskjer Heidi Ruud Ellingsen og dramaturg Rolf Kristian Larsen å fortelja hennar versjon av historia; om seg sjølv, sitt liv og om forholdet til Peer Gynt.

Regi: Thorhildur Thorleifsdottir. Komponist og musikar: Erlend Skomsvoll. Musikk: Birger Mistereggen, Håvard Stubø og Elisabeth Lid Trøen.

Jubileumsmiddag: kr 590,- /
Pakkepris inkl konsert: kr 840,- (ord. 940,-)

Meny PEER PÅ BUKKEN

Torsdag 8. august

Kl 20.30. Ope gard frå kl 18.00

Heine Totland & Gisle Børge Styve

Musikk folkens!

«Musikk folkens!» er ei musikalsk humorforestilling der duoen Heine Totland & Gisle Børge Styve briljerer!
Med stor musikalitet og evne til å få fram ein god latter møter dei sitt veksande publikum. Det musikalske uttrykket er i jamn utvikling og Gisle Børge har med både ny mandolin, piano og eit Hammond B3 frå 1959.

Forestillinga starter der den førre slutta, og de får høyre nye livsglade, humoristiske og ekteføIte versjonar av songar vi alle kjenner.

Forestillinga er meldt til terningkast 6 og publikum jublar. Så gled deg, nå blir det «Musikk Folkens»!

Bill 450,- / 100,- under 18 år
www.ticketmaster.no

”Fantastisk mat og betjening! Jan-Tore Johansen Stensbøl

Meny HEILGRILLA ENTRECÔTE

Torsdag 15. august

Kl 20.30. Ope gard frå kl 18.00

Sigrid Moldestad med band

Sigrid er ein av dei artistane som har vore innom flest gonger på Rudi – og det er ikkje utan grunn!

Allsidige Sigrid Moldestad fra Breim i Gloppen er ein musikar som etter kvart er vanskeleg å setje i bås, der ho vekslar mellom ulike uttrykk. Ho smyg seg lett mellom fleire sjangrar, men likevel er det folkemusikken som er rettesnor.

«Med sin særegne stemme og evne til å sprenge musikalske grenser er Sigrid Moldestad en gave til musikken. Nå er det på tide at hun blir allemannseie.» Svein Andersen, Aftenposten

Bill 390,- / 100 under 18 år
www.ticketmaster.no

Meny HEILGRILLA ENTRECÔTE

Torsdag 22. august

Kl 12.00-15.00

Seniordag på Rudi Gard

Tullprat, musikk, allsang og rummegraut!

Vi dekker langbordet i låven og byr på rummegraut med ein smak spekemat til dugurd. Ved sidan av maten blir det tullprat og gode historier ved **Håkon Sveen**, spelmanns-musikk med **Geir Marius Thorud** og **Øystein Rudi**, viser og allsang ved **Nils Hagen**.

Kr 390,- inkludert servering. Påmelding seinast ei veke før.

"HI! I live in New York State, USA. My mother is from Norway and we visit family every summer. Last summer we came to Rudi Gard with my aunt and cousins and saw Odd Nordstoga. It was one of the BEST concerts I have ever been to...

Meny RUMMEGRAUT

Søndag 1. september
Kl 19.00. Ope gard frå kl 18.00

BERGTATT

Mari Midtli og Aslak Brimi med Sinfonietta Innlandet

Spennande, sjangeroverskridande, varmt og vakkert – dette skildrar musikken som blir skapt mellom ein dynamisk og frittspelande strykekvintett og to av dei beste folkemusikkutøvarane frå Gudbrandsdalen.

Mari Midtli og Aslak Brimi er båe framifrå formidlarar av tradisjonsmusikk, og i lag med Sinfonietta Innlandet får musikken fram ukjente dimensjonar. Utgangspunktet er nye komposisjonar og folkemusikk frå Nord-Gudbrandsdalen arrangert ut for strykarar, fele- og song. Dette er heftig musikk som varmar ein tidleg haustkveld!

Billett kr 290,- / 100 under 18 år
www.ticketmaster.no

«Et nyskapende og modig steg videre for Brimi og Midtli»
Halgrim Øistad, GD

Meny GARDSKAFÉ

Laurdag 7. september
Frå kl 12.00



Jubileumsfeiring med konsertar og dansefest

I 2019 er det 100 år sidan trekkspelaren Oddvar Nygaard vart født. Oddvar budde i Sør-Fron heile livet. Etter tidlege år som konsert-trekkspelar slo Oddvar i gjennom med eigen kvartett i 1960-åra. Oddvar Nygaards kvartett var noko nytt. Med fele, trekkspel, gitar og bass forma eit stilideal som held seg den dag i dag. Oddvar gav ut heile 24 LP'ar og vart tildelt den aller første Spellemannsprisen i 1973. Kvartetten spelte land og strand for stappfulle hus,

Meny SPELMANNSLAPSKAUS

og med masurkaen «50-Årsdagen» toppa dei VG-lista framfor legendariske The Beatles.

Kl 12.00	Opning ved Nygaard-relieffet i Sør-Fron sentrum
Kl 12.30	Spelmannskafé med filmframsyning, trekkspelmusikk og lansering av notesamling på kommunelokalet på Hundorp
Kl 15.00	Ope i Arne Vangens trekkspelmuseum

Frå kl 15.00 Spelmannspøbb med mat og musikk
Ein ettermiddag der vi byr på god servering og der spelmenn treffes til uhøgtidleg samspel i låvar og tun på Rudi Gard. Middag frå kl 15.00–18.00.

Kl 19.00 Jubileumskonsert
Oddvar stod for eit hundretals eigne komposisjonar i karakteristisk stil. Mange av desse blir å høyre her framført mellom anna av Sven Nyhus og Tore Løvgreen, Jo-Asgeir Lie, Sør-Fron Spelemannslag, Leif Inge Schjølberg og Svein Stensrud, Kvarts, Tom Willly Rustad, Fron Trekkspelklubb, Jon Faukstad, Mukampen Spelmannslag og Ole Ellefsæter.

Programleiarar er Ola Grøsland og Rasmus Stauri.
Billett kr 290,- inkludert dansefest

Kl 21.00 Dansefest på Nygaard-vis
Fest med stappfulle dansegolv og yrande folkeliv var Oddvar Nygaard si verd. Lokale og tilreisande spelmenn dreg opp til dans «så sveitten højar» i fleire etasjar

Sør-Fron og Mukampen Spelmannslag, Fron trekkspelklubb, Helge Hysjulien, Aage Sogn og tilreisande spelmenn står for dansemusikken.

Arrangeres i samarbeid med Mukampen, Sør-Fron Spelemannslag og Fron Trekkspelklubb.

Vil du delta med musikk til Oddvars Nygaards ære?
Send e-post til oystein@rudigard.no

Meny SPELMANNSLAPSKAUS

Arrangement for bedrifter og private selskap

Mange bedrifter og vennegjenger kjem til felles opplevingar på Rudi Gard. Rudilåven kan rigges for kurs, møter eller festleg lag, og kjøkensjef Wenche byr på matopplevingar i særprega lokaler. Morosame og inkluderande konkurranser i landskapet omkring garden kan krydre opplevinga, og vi samarbeider med flotte stader som byr på overnatting for både små og store grupper.

Aktivitetar og servering for grupper før konsert eller fest i Rudilåven er eit populært tilbod. Grupper kan også reservere garden for eigne arrangement. Ta gjerne kontakt, så lager vi eit forslag!

Tlf 913 85 388 / oystein@rudigard.no

” Rudi Gard er en av gledene ved å ha hytte i Fronsfjellet. Rett som det er, ilegger vi opp fjellturene slik at vi får med oss godbiter i programmet. For en som lever og virker i hovedstadens kulturbås, gjør det godt å møte livet sett fra låven på Rudi. Man blir takknemlig for at noen tar et slikt kraftak så skikkelig og generøst. Jeg har hatt med meg utenlandske gjester på Rudi, og de snakker om opplevelsen flere år etterpå. Og er du på Rudi når den mjuke sommerkveldsola synger nedetter dalen, er det så vakkert at det nesten gjør vondt.

Carl Henrik Grøndahl, Programredaktør NRK Drama

Torsdag 12. september

Kl 19.00. Ope gard frå kl 18.00

Bellman og Mozart, til ære

Nå skruva fiolen, Wolfgang!

Carl Michael Bellman levde i Stockholm på 1700-talet. Samtidig skapte Wolfgang Amadeus Mozart utruleg musikk med Salzburg, Wien og Praha som base. Dei var båe enormt produktive, prega av samtida og fulle av humor og galskap. Denne kvelden møtes dei to meistrane. Eit stjernelag har sett saman nye tolkninger og spennande kombinasjonar av tekst og musikk, med ei sjeldan besetning!

Ensemblet Bellzart er:
Ann-Helen Moen er merittert sopran med store oppdrag over heile verda! Med heile 8 av Mozart sine kvinne-skikkelser på repertoaret er Ann-Helen ein kjennar av Mozart.

Lars Klevstrand har prega norsk vise- og musikkliv i snart femti år. Han har tilrettelagt det musikalske i konserten og omsett fleire av Mozart sine sanger til norsk.

Atle Sponberg, veteran med sin fiolin i norsk musikkliv, konsertmester, solist, tangomester, pedagog og meir til!

Steinar Haugerud rager høgt internasjonalt som klassisk kontrabassist, med eit skjeivt blikk på andre sjangere, og på verda forøvrig.

Bill kr 350,- / 100 under 18 år
www.ticketmaster.no

Meny GARDSKAFÉ

Laurdag 14. september
Frå kl 18.00

Sheep o høy
– bondeaction på sitt beste!

Fartsfylt bonde-action er ei årleg storhending på Rudi Gard. Verdas beste sauklypparar kjemper mot Arwel Jones fra Wales sin fantastiske rekord frå 2013 på 19,14 sekund. Med storskjerm, musikk, Bjørnar Bakken som hovedspeaker, og horder av engasjert publikum er dette ei festforestilling!

Kl 18.00 Ope gard og servering av heilgrilla lam
Kl 20.00 Stor konkurranse i taugtrekking
Kl 21.00 Speedklypping med verdas beste klypparar
Kl 22.00 Fest med The Belfast Lads

Bill: kr 350,- utan servering / kr 690,- inkl heilgrilla lam.
Aldersgrense 18 år etter klyppeshowet.

www.ticketmaster.no

” Sheep o Høy var helt fantastisk bra! Maten var glimrende, klippinga var utrolig morro og Belfast Lads var geniale. Vi storkoste oss rett og slett og kommer definitivt tilbake!

Hege

Meny HEILGRILLA LAM

Fest med Belfast Lads

Dei har løfta taket av Rudilåven dei aller fleste åra Sheep o Høy har stått på plakaten på Rudi.

Ekte vare og suveren dansemusikk!

«Sheep o høy» er i samarbeid med Nortura, Furuseth AS og Sør-Fron Sau og Geit.

Onsdag 9. oktober

Kl 19.00. Ope gard frå kl 18.00

Tett på

Sandum Trio

Sandum trio består av Øyvind Sandum (durspel/trekkspel), Rikke van Ommeren (durspel) og Vegard Moshagen (piano/trøorgel). Trioen har gjeve ut to plater, «Evig runddans» i 2014 og «Leiker» i 2017, og spelar hovudsakleg tradisjonell glad musikk. I tillegg til å vidareføre tradisjonsmateriale bidreg og trioen med eigne komposisjonar.

Sandum trio har spelt mange konsertar, både i inn- og utland, og dei gler seg til å få spele konsert på Rudi Gard!

Bill 250,- / 100 under 18 år
www.ticketmaster.no

Foto: Lars Evensen

”Rudi Gard står for kvalitet og verdier som er i tråd med våre verdier, og bidrar til et imponerende mangfold av kultur, mattradisjoner og gode opplevelser til glede for både døler og tilreisende. Derfor samarbeider vi aktivt med Rudi Gard.

SpareBank 1 Gudbrandsdal, adm. banksjef Per Ivar Kleiven

Meny KAFÉ OG LÅVEPØBB

Torsdag 17. oktober

Kl 19.00. Ope gard frå kl 18.00

Foredrag med Ingvard Wilhelmsen

Livet er et usikkert prosjekt

Ingvard Wilhelmsen er professor emeritus ved Universitetet i Bergen og spesialist i indremedisin og psykiatri. I sine foredrag sett han på forunderleg vis enkle ord på kompliserte utfordringar. Han har i 23 år drevet Hypokonderklinikken på Haraldsplass Diakonale Sykehus i Bergen. Wilhelmsen er forfattar av fleire bøk, mellom anna «Livet er et usikkert prosjekt», «Sjef i eget liv», «Kongen anbefaler» og «Det er ikke mer synd på deg enn andre».

Hovudbodskapen er at vi kan velge korleis vi lever liva våre, og tilrådinga er å leve smart. Til dømes kan vi velge bekymringane våre, det er lurt å skilje mellom ekte og tenkte katastrofer og det meste i livet kan vi faktisk ikkje styre uansett. Det meste her i livet kan vi ikkje gjera noko med, men korleis vi forheld oss til det som skjer avgjer vi sjølv.

Bill kr 350,-
www.ticketmaster.no

Foto: Jan M Lillebø

Meny KVELDSSUPE

Førjulshygge på Rudi Gard

Velkome til trivsel og hygge i førjulstida. Mange ønskjer seg ein julemiddag og gjerne litt underhalding på dagtid.

Eller kom til ein kveld der god mat, drikke og underhaldning blir sett saman akkurat slik de vil ha det. Rudikjøkenet kan diske opp med heimelaga julemat slik det var på gardane i Gudbrandsdalen før i tida.

Nyt den opprinnelege smaken av heimesydd lammerull, sylte, rakfisk og hermetiserte kjøttkaker som tek fram att minner frå ei anna tid. Vår varme velkomstdrink blir ofte servert i gamle fjoset, og når de kjem opp i låven er stemninga sett for ein trivleg kveld.

Ta gjerne kontakt med oss for programforslag!

Rudiøl og andre handverksøl

Vi lager vårt eige handverksøl på Rudi Gard. **Peter Syrten** er vår dyktige brygger, og han byr på øl tilpassa både årstid og meny. Vi fører også mange ølsortar frå ulike bryggeri, så alt ligg til rette for ein god ølprat og smak av ekte håndverksøl.

” Fantastisk mat og betjening! Jan-Tore Johansen Stensbøl

Mange er delaktige i utforminga av såmmår-programmet Låvende saker. Både publikum og artistar kjem med mange forslag, og programmet blir sydd saman av vertskapet, med kreativ medarbeider Vegard Moshagen og kjøkensjef Wenche Kvebu som viktige bidragsytere.

Takk for godt samarbeid!

Nina og Øystein Rudi

Hovudsamarbeidsbedrifter

SpareBank 1 GUDBRANDSDAL

Gudbrandsdal Energi

Samarbeidsbedrifter

dialecta

Sygard Grytting

Nortura

Fefor Høyfjellshotell 1891

GD Av oss. For oss.

WADAHL

Offentlege medspelarar

SØR-FRON KOMMUNE "Dalernes blomme"

MUSIKKFESTUKE GRONNIGEN

OPPLAND fylkeskommune

KULTURRÅDET Arts Council Norway

Billettar

www.ticketmaster.no
tlf 815 33 133

www.rudigard.no
tlf 913 85 388

ticketmaster®

Foto Rudi Gard: Tor Ivan Boine

Til større forestillingar er det nummererte plassar i Rudilåven, og du kan sikre deg kremplass ved å vera tidleg ute. Billettar blir seld ved inngangen så lenge det er plass. Med atterhald om programendringar.

Samarbeidsbedrifter med overnatting

OVERNATTING

Sygard Grytting	61 29 85 88	www.grytting.com
Øvre Rudi	913 85 388	www.rudigard.no
Wadahl Høgfjellshotell	61 29 75 00	www.wadahl.no
Fefor Høyfjellshotell	61 29 00 99	www.fefor.no
Dale-Gudbrands Gard	911 58 938	www.dalegudbrands-gard.no

Rudi gard ligg langs Gudbrandsdalsvegen (gamle E6), 70 km nord for Lillehammer.

Frå sør: Ta av E6 i nordenden av Fryasletta. Følg Gudbrandsdalsvegen til vegskilt «Rudi Gard».

Frå nord: Ta av nye E6 ved Harpefoss. Følg fylkesveg over Lågen og ta Gudbrandsdalsvegen sørover til vegskilt «Rudi Gard».

Koordinater: N 68 27 190 Ø 54 82 00
N 61,57571 Ø 9,90769

RUDI

www.rudigard.no

oystein@rudigard.no Mob 913 85 388
Rudivegen 40, 2647 Sør-fron